


# «Nordhordland kommune»

Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til utgreiing av ny kommune



19. juni 2015

## Innhald

1. Føremål
2. Prosessane
3. Verdier i prosessen
4. Kvifor
  - År 2040
  - Visjonar
5. Demokratimodellen
6. Kommunal organisering
7. Harmonisering av skattar og avgifter
8. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse
9. Administrative prosessar
10. Kommunikasjonsplan
11. Vegen vidare

# 1. Føremål


Kommunestyra i Meland, Lindås og Radøy ønskjer å greie ut om det er mogleg å danne ein ny kommune. Målet er å få på plass ein meir slagkraftig kommune, og gjere regionen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver, jamfør vedtak i Stortinget.

Forhandlingsutvalet sitt føremål med utgreiinga er å starte ein prosess, som skal svare på kvifor ein skal byggje ein ny kommune. Utkastet vert utgangspunkt for nye drøftingar etter valet.



## 2. Prosessane

### Prosessforløp 2020



### Prosessane i forhandlingsutvalet

Møtedato	Tema
27. april i Meland	Status på prosessen, utforming av visjon/hovudmål
11. mai i Lindås	År 2040 (trugslar og moglegheiter), lokaldemokrati, kommunikasjonsstrategi
26. mai i Radøy	Harmonisering av skattar og avgifter, prinsipp for tenesteområde, kommunikasjonsstrategi
4. juni i Meland	Presentasjon og drøfting av hovudlinene i utkast versjon 0.4 med formannskapa
8. juni i Lindås	Innspel frå møtet 4. juni, innspel til endeleg framlegg, framlegget vert sendt ut til endeleg godkjenning
26. oktober i Radøy	Presentasjon av framlegget, omarbeiding av framlegget og utarbeiding av grunnlaget for avgjerda i kommunane.

### 3. Verdier i prosessane

- Vi skal byggje ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Vi skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Vi skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Vi skal byggje vidare på felles identitet og kultur.
- Vi skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.
- Vi skal ha likeverdige tenester i heile kommunen.
- Vi skal vidareføre lokal tenesteproduksjon der brukarane bur.
- Vi skal ha innbyggjarrettlegg i alle rådhusa.
- Vi skal digitalisere dialogen med innbyggjarane.

### 4. Kvifor: År 2040 & verdier

#### År 2040 – Nordhordland kommune i tal frå 2013 til 2040

	Frå	Til	%
Kraftig auke i talet på innbyggjarar	27.000	44.000	+ 59 %
Auke i talet på eldre over 80 år	1.000	2.700	+ 150 %
Talet på arbeidsføre innb. (20-66 år) per innb. over 80 år	15	8	- 40 %
Barnehage – trong for årsverk pr. 1000 årsverk (20-66)	28	26	- 7 %
Grunnskule – trong for årsverk	24	24	0 %
Pleie og omsorg – trong årsverk	49	74	+ 49 %
Pendlarar ut av kommunen	5800		
Pendlarar inn til kommunen	2200		

#### År 2040 – eit scenario

- Kva moglegheiter og utfordringar står regionen framfor?
- Når skal vi ta stilling til korleis vi skal organisere dei kommunale tenesta, er det viktig å vurdere dette i lyset av det framtidige behovet. Ein ny kommune skal handtere framtida, ikkje dagens situasjon.
- Korleis skal vi handtere dei framtidige, store samfunnsendingane?
- Korleis vil samfunnet endre seg fram mot år 2040?

Forhandlingsutvalet har gjort ei vurdering, og drøfta kva problem og moglegheiter som kjem i kjølvatnet av ei samfunnsutvikling. Spørsmålet er korleis vi bør organisere den kommunale verksemda for å vere robust i møte med desse utfordringane.

## År 2040 – Trugslar: Kva kan skape problem for regionen?

- Korleis vil reduksjonen i oljebaserte næringer påverke regionen?
- Vil vi vere i stand til å erstatte oljebaserte arbeidsplassar med nye arbeidsplassar i andre næringer? Innan kva for næringer har vi eit fortrinn?
- Kraftig vekst i innbyggjartalet (+ 59 % / 44.000 innbyggjarar) stiller store krav til betre infrastruktur. Klarar vi å leggje forholda godt nok til rette for ein slik vekst?
- Er vegsystema våre og kollektivtilbodet tilstrekkeleg for ei slik utvikling?
- Har vi lagt til rette for nok areal?
- Vi må rekne med at det kjem fleire oppgåver og spesialisering av kommunale tenster, særleg innan medisin, omsorg og oppvekst. Vil vi klare å rekruttere nok spesialistar? Vil regionen vår vere attraktiv nok for tilsette med høg fagkompetanse? Kva med utvikling av den kompetansen vi har i dag? Klarar vi å leggje forholda til rette for å møte dei krevjande oppgåvene kommunen skal løyse i framtida? Har vi miljøs om er solide nok til vere pådrivarar i ein kompetanseutvikling=
- Vil vi ha kompetanse og tilstrekkeleg beredskap til å handtere større klimautfordringar?


## År 2040 – Kva moglegheiter har Nordhordland kommune?

- Betre koordinering av samfunnsutviklinga.
- Tyngre satsing på næringsutvikling og arbeidsplassar i nye næringer.
- Attraktiv region for næringsutvikling nord for Bergen.
- Betre tilrettelegging for befolkningsvekst gjennom koordinert arealplanlegging på tvers av geografiske område.
- Tilrettelegging av betre infrastruktur, særleg innan samferdsle.
- Sterk og «avgjerdsdyktig» kommune til det beste for regionen.
- Sterkt regionsenter.
- Fleire og betre moglegheiter i tenesteproduksjonen med eit større miljø.
- Sterk på kompetanseheving og utdanningsmiljø.
- Sterk på tenesteyting, særleg innan utdanning og helse og omsorg.
- Satse endå meir på folkehelse.
- Breiare idretts- og kulturtilbod.
- Auka satsing på reiseliv, kulturnæringane, marin næring, energi og lokal matproduksjon.

## Nordhordland kommune skal vere ein slagkraftig og heilskapleg samfunnsutviklar i ein region med sterk vekst og utvikling

- Vi byggjer ein ny kommune for å gi betre tenester til innbyggjarar og næringsliv.
- Vi skal rekruttere, halde på og utvikle den beste fagkompetansen for å betre tenestetilbodet.
- Tenestetilbodet skal vere der brukarane bur.
- Vi skal vere ein god felles bu- og arbeidsregion.

## 5. Demokratimodellen



### Formannskapsmodell

- Kommunestyre
  - 43 representantar
- Formannskap
  - Formannskap (13 repr.)
  - Kontrollutval (9 repr.)
- Utval
  - Oppvekst og kultur (9 repr.)
  - Helse og omsorg (9 repr.)
  - Samfunnsutvikling (9 repr.)
  - Administrasjon (7 repr.)
- Administrasjonsutvalet skal vere representert med politikarar og tillitsvalte
- Diverse råd og komitear
- Prinsipp om gjennomgåande representasjon
- Alle kommunestyrerepresentantane skal sitje i minst eitt anna politisk organ

## 6. Kommunal organisering

- Kommunesenter
  - Knarvik
- Kommunenamn
  - Arbeidstittel: Nordhordland kommune
  - Namnekonkurranse 2016
- Rådmann med dei mest sentrale funksjonane skal sitje på rådhuset i kommunesenteret
- Assisterande rådmann og kommunalsjefnivå
- Rådhusa i Meland og Radøy skal ha kommunale funksjonar i den nye kommunen.
- Det skal vere innbyggjarrettleiing i alle rådhuset.
- Nærsentra: Ostereide, Lindås, Knarvik, Frekhaug, Vikebø og Manger.
- Kommunevåpen og –symbol
  - Arbeidet startar etter at avgjerda om ny kommune er tatt.

## 7. Harmonisering av skattar og avgifter

- Alle kommunane har eigedomsskatt, men med ulik profil og storleik.
- Eigedomsskatten må harmoniserast.
- Det er eit mål at ingen innbyggjarar skal få høgare eigedomsskatt i ein ny kommune.
- Alle har eigedomsskatt på verk og bruk.
- Eigedomsskatten vert harmonisert slik: Nordhordland kommune fjernar eigedomsskatten på hus og hytter.
- Det vert fastsett overgangsreglar for første valperiode (2019-2023).

## 8. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse

### Prinsipp for tenestetilbod

- Samfunnsutvikling
  - Nordhordland kommune skal motivere og støtte næringsliv og innbyggjarar til utvikling av den nye kommunen.
- Tenestetilbodet skal vere på det same nivået som i dag.
- Innbyggjarane skal motta desentraliserte tenester.
  - Heile omsorgstilbodet skal ivareta at innbyggjarane får nærleik til tenestene
  - Sjukeheimplassar, omsorgsbustader og bu- og servicesenter skal vere nærast mogleg der innbyggjarane bur, for å sikre lokal identitet og nærleik til tenestene.
  - Brukarane skal få heimehjelp i sitt naturleg geografiske område.

- Lokale helsestasjoner skal gi helsestasjonstenester.
- Barn og unge skal få tilbud om skule- og barnehageplass der dei bur.
- Endringar skal handterast som ein planprosess med involvering/høyring.
- Det vil vere naturleg å samordne kompetanse, der det er trong for å styrke kompetansemiljø- og utvikling for å sikre eit god tenestetilbod.
- Beste praksis skal vere grunnlaget for praksisen i ny kommune.

#### **Prinsipp for kompetanse**

- Rett kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod.
- Det skal vere eit prioritert satsingsområde å skaffe, utvikling og halde på fagpersonar.
- Ein større og meir slagkraftig kommune skal føre til at det vert meir attraktivt å arbeide io kommunen, og bidra til fleire stillingar dedikert til spesialfunksjonar.
- Kompetansekartlegging skal bidra til betre oversikt og danne grunnlaget for ein kompetanseplan om rekruttering, organisering og fagutvikling.

## **10. Administrative prosessar**

#### **Framlegg til prinsipp for vidare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar:**

- Alle har rett på jobb i den nye kommunen, og skal ikkje få reduksjon på løna si.
- Endringsoppseiingar.
- Leiarar (over tenestestadleiar) skal søkje på nye leiarjobbar.
- Openheit og dialog. Kommunikasjonsstrategi skal prioriterast.
- Omstillingsavtale (grunnlaget for samhandling med tillitsvalde).

#### **Prosess med tillitsvalde:**

- Tillitsvalde skal vere representert i styringsgruppene i kvar kommune.
- Drøftingsmøter, eventuelt høyringar, i samband med intensjonsdokumentet (politisk sak i slutten av 2015)
- Jamleg orienterings- og/eller drøftingsmøter i prosessen.

## 11. Kommunikasjonsplan

### Hovudmål

Gjennom aktiv kommunikasjon og involvering skal vi sikre at alle får god informasjon om den pågåande prosessen for kommunesamanslåing.

### Delmål knytt til den overordna prosessen (førebeles):

- Vi skal gi god informasjon til alle innbyggjarane
- Det skal vere mogleg for alle å bli høyrte
- Det skal leggjast til rette for reell medverknad
- Både fordelar og ulemper med ny kommunestruktur skal vere godt kjend

### Operative delmål knytt til dagens situasjon:

- Vi skal vere tydeleg på kvifor vi har tatt dette initiativet no
  - Formidle målet med prosessen: Betre tenester og meir demokrati
- Vi skal skape dei rette forventningane til resultatet av den pågåande prosessen
- Vi skal sikre at det ikkje skjer mistydingar
- Vi skal leggje til rette for at alle interessentane får tillitt til prosessen
  - Det er eit mål at alle skal oppleve prosessen som tydeleg, open og ryddig – uansett utfall av prosessen og sett bort frå kva ein meiner om samanslåing.

### Kommunikasjonsplan – tiltak på kort sikt

Tiltak	Tid	Merknader
Lage eit enkelt faktaark, som skildrar det vi har gjort til no – og ein tidslinje for resten av prosessen fram til ei eventuell samanslåing.	Snarast	Bør vere open og lett tilgjengeleg for alle på heimesidene til alle kommunane (eventuelt på eigen nettstad).
Lage ein oversikt over vanlege spørsmål og svar (FAQ) i samband med kommunereformen.	Snarast	Bør delast på heimesidene til kommunane (eventuelt på eigen nettstad).
Informere om godkjenning av utgreiinga	Juni	Pressekonferanse/pressemelding
Faktaark om samanslåing med informasjon om korleis ein framtidig kommune sjå ut. Til dømes med informasjon om talet på tilsette, økonomi, innbyggjartal etc.	Snarast	Bør vere lett tilgjengeleg på nett og i servicetorga.

## 12. Veggen vidare

- Dette dokumentet er eit framlegg til utgreiinga.
- Framlegget skal handsamast i eit nytt forhandlingsutval etter valet, måndag 26. oktober.
- Framlegget til utgreiing skal sendast til forhandlingsutvalet 10. juni 2015.
- Det vert eit felles dialogmøte om dei administrative prosessane mellom rådmann, ordførarar og tillitsvalte 15. juni 2015 klokka 16.00 til 18.00 på Frekhaug.
- Nytt framlegg skal godkjennast innan 17. juni.
- Det vert annonsering (pressekonferanse) av forhandlingsutvalet sitt framlegg fredag 19. juni klokka 10.00.
- Framlegget skal presenterast i kommunestyra i juni.

